



Marius Rødland
Steinsvikvegen 16
5955 LINDÅS

Referanser:
Dykkar:
Vår: 18/1425 - 18/17131

Saksbehandlar:
Ingrid Bjørge Pedersen
Ingrid.Bjorge.Pedersen@lindas.kommune.no

Dato:
29.05.2018

Løyve til arealoverføring gbnr 106/12 Fanebust

Administrativt vedtak: Saknr: 267/18

Heimelshavar:

Søklar:

Søknadstype: Søknad om oppretting av ny grunneigedom, jf. plan- og bygningslova (pbl.) § 26-1, jf. §§ 20-1, bokstav m og 20-2, jf. § 20-4, bokstav d.
Søknad om dispensasjon, jf. plan- og bygningslova § 19-1.

Saksutgreiing

Tiltak

Saka gjeld søknad om arealoverføring av om lag 3000 m² frå gbnr. 106/12 til gbnr 106/17.

Det vert elles vist til søknad motteken 03.05.2018.

Planstatus

Eigedomen ligg i uregulert område innafor det som i kommuneplanen sin arealdel er definert som LNF.
Søknad om arealoverføring gjeld for uendra bruk.

Dispensasjon

Det er søkt om arealoverføring innafor LNF-området men til uendra bruk. Vidare er arealet i samsvar med kommuneplanens arealdel.
Tiltaket krev ikkje dispensasjon.

Nabovarsel

Tiltaket er nabovarsla i samsvar med pbl. § 21-3.
Det ligg ikkje føre merknader frå nabo.

Plassering

Plassering av tiltaket er synt i situasjonsplan datert 03.05.2018.



Vatn og avløp (VA)

Søknad omfattar ikkje endring i høve dette.

Tilkomst, avkøyrsløp og parkering

Søknad omfattar ikkje endring i høve dette.

Vurdering av pbl § 26-1

Oppretting eller endring grunneigedom er eit søknadspliktig tiltak etter pbl § 20-2, jf pbl § 20-1 første ledd bokstav m). Det følgjer vidare av pbl § 26-1 at oppretting/endring av eigedom ikkje må skje på ein slik måte at det oppstår forhold i strid med lova, forskrift, vedtekt eller plan, eller slik at det vert oppretta tomter som ikkje er eigna til bebyggelse på grunn av storleik, form eller plassering.

Vurdering:

Arealoverføring gjeld for landbruksføremål og for uendra bruk. Arealet ligg inntil og delvis i skogområde, eit areal som er dårleg eigna for bebyggelse. Slik det går fram av søknad er det ikkje planer om å etablere bygg på arealet, men søkt om tilleggsareal for eksisterande landbrukseigedom i drift.

Statens Vegvesen er varsla som nabo i saka og har vist til den Tronhjemske postveg som ligg i område.

Da det ikkje er søkt om etablering av tiltak finn ikkje administrasjonen at søknad er i konflikt med denne vegen og vidare vern av den. Ved eventuelle framtidige byggetiltak på dette arealet må omsynet til postvegen avklarast.

Plassering

Tiltaket vert godkjent plassert slik det er synt i situasjonsplan datert 03.05.2018.

VEDTAK

Med heimel i plan- og bygningslova § 26-1, jf. §§ 20-1, bokstav m, 20-2 og 20-4, bokstav d vert det gjeve løyve til oppretting av ny grunneigedom på om lag 3000 m² frå gbnr.106/12 til gbnr 106/17 på følgjande vilkår:

- Tiltaket skal plasserast som synt i situasjonsplan datert 03.05.2018, jf. pbl. § 29-4.
- Eventuell rett til å føre vass- og avlaupsleidningar over andre sin grunn må tinglysast, jf. plan- og bygningslova §§ 27-1 og 27-2.
- Eventuell vegrett over andre sin grunn må tinglysast, jf. pbl. § 27-4, 1. ledd.

Løyvet fell vekk dersom det ikkje er gjennomført oppmålingsforretning etter lov om eigedomsregistrering innan 3 år etter at løyvet er gjeve, eller dersom matrikkelføring vil vere i strid med lov om eigedomsregistrering jf. pbl § 21-9.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen

er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ansvar

Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnene føre løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.

Oppmåling

Saka vert oversend Geodata avdelinga. Sakshandsamingsfrist er 16 veker, jf. matrikkelforskrifta § 18. Fristen vert forlenga med den tida som går med til tinglysing og eventuell supplering av opplysingar frå rekvirenten. Kommunestyret har vedteke at tida 01.12-31.03. er vintersesong. Kommunen og rekvirenten kan avtale lengre frist, men ikkje lengre enn 2 år, jf. matrikellova § 35.

Til orientering

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Ingrid Bjørge Pedersen
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Marius Rødland
Vigleik Vabø

Steinsvikvegen 16 5955
Fonnebostvegen 5955
293

LINDÅS
LINDÅS